

## Team Hardanger

### Referat frå møte i Team Hardanger

Tysdag 11.september 2018 kl 10.15 – 14:15 Stad: Rådhuset i Kvam

**Tilstades:** Natalia Golis, Jan Tjosås, Lisbeth Bygstad Celik, Helga Helleland, Kristian Bondhus-Jensen, Kjersti Børve, Sigmund Vereide, Øyvind Stueland, Trude Rinaldo

Forfall: Granvin herad, Jondal kommune  
IHM v/ Ellen T. Astrup

#### 1. Hardanger og Voss som miljøregionen i Norge - ei mogleg og ønskja målsetjing?

Innlegg v/ IHM: **Det handlar om Miljø-Klima- Kommunikasjon**

Miljø og berekraft MÅ på banen - kommunar og næringsliv MÅ omstill seg

1. OMDØME
  2. det kjem krav frå EU
- Sekulær økonomi er ikkje noko nytt, det var slik før. Dette må me ta opp igjen.
  - ME i indre strøk må meir på banen, IHM søker bedrifter som kan vera med i prosjekt.
  - Me må ikkje tenkje grenser, men vera ressursorienterte og tenkja **avfallsførebygging**.
  - Ho er ikkje begeistra for forbud, bør heller MOTIVERA til auka innsats for miljøet. Plastpose Forbud er kanskje ikkje det mest effektive å starta med. Bør heller sjå på dei store plast forbrukarane i industri og landbruk.
  - Gulrot er å få til meir lokal verdiskaping via avfallshandtering med å resirkulera.
  - Ein ting er det som går ut i naturen, ein annan ting er det som vert brent/gassar
  - Landbruk: Korleis kan me erstatta plast med eit anna produkt, eller få tilbake til silo??? Dersom krav vert så strenge at ein må finna ei anna løysing - kjem den då?
  - Bygg og anlegg må me fokusera på også: f eks Hardangerbrua hadde ekstremt mykje plastavfall frå byggeprosessen.
  - Oppdrettsnæringa må me heller ikkje gløyma.

KriterieC4 i sertifisering for berekraftig reiseliv heiter "Reint miljø og sertifisering"

Kva kan IHM gjera for oss der? Kan dei sertifisera oss.

Svar: Miljøfyrtårn er ei bra sertifisering for kommunane. Det som er krevande er å få det til i organisasjonen. Viktig: Dette skal ikkje skje over natta, men ein må arbeida med det over tid.

IHM kan vera ein pådrivar, f.eks er dei ute i barnehagar og på skular.

F. eks var dei med i planlegging og gjennomføring av NM på Voss

Korleis kan næringshagane arbeida med dette? Kunne/Burde TH gå på kurs?

KVIFOR SKAL HARDANGER BLI EIN MILJØREGION?

Omdøme? styrka regionen? eller oppnå noko?

Me skal forvalta det me er kjent for i Hardanger: Rein og naturleg natur, reint vatn, rein luft, reint lys, mykje natur, flott kulturlandskap, osv.

#### 2. Status for felles prosjektsøknad inn til Hfk

Målet er berekraftig utvikling i reiselivet, heilårsarbeidsplassar, tilflytting og betre ressursutnytting av offentlege midlar i reiselivsnæringa

**Kva handlar det om?** Handlar det om å auka? eller å vera konkurransedyktig?

**Kva skal me oppnå?**

Ta vare på eit levande Hardanger med berekraftig utvikling sosialt, miljømessig og økonomisk . Alt heng sammen, næringsutviklarane er særst viktig, samarbeid på tvers .

**Kva med FN sine berekraftsmål?** Samfunnsansvar. Kva med klimautslepp?

Dei som klarar å omstilla seg vil leva vidare...,

Er dette ein konkurranse eller er dette noko me ikkje har valg om?

**Korleis forankrar me ein slik bevegelse for berekraft?**

I alt me snakkar om så kjem me tilbake til miljø. Korleis kan me gå vidare med dette slik at dei vert engasjert IHM. Feks sit IHM i styret til Destinasjon Voss. Samarbeid er viktig, og kan avfallet nyttast til noko anna? VINN-VINN

**Korleis kan me ta kontroll?**

IHM er eigd av 5 kommunar - 4 er frå Hardanger, og Ulvik er veldig flinkt til å bruka dei.

**Korleis skal me driva ein prosess vidare?**

Få sendt søknaden og start forprosjektet. Då kan me setta igang alt arbeidet med møter, kaffikoppar lytta og læra.

Kan me invitera VOSS til møtet.

TH vil arrangera eit åpent møte om berekraft og reiseliv. Men det skal ikkje gjennomførast før me er igang med forprosjektet.

**Vedtak:**

**TH ber om at søknaden om forprosjekt vert sendt med oppdateringar gjort i møtet, og VHF er informert.**

### **3. Møte med næringsorganisasjonane i Hardanger - førebuing**

TH er einige om å inviterar næringsorganisasjonane inn 1 gong i året, og føreslår at dei vert kalla inn til møtet i februar kvart år. Dette møtet må ha eit tema og ein god grunn for å møtast.

### **4. Mandat for Team Hardanger**

TH utset gjennomgang av mandatet til neste møte, men understrekar at dette er viktig å gjera jevnleg. Kven som er med i TH endrar seg heile tida, og viktig å vita kva TH skal arbeida med i framtida.

Kor aktive er TH og kor aktive kan/vil/skal dei vera.

TH bør vera eit råd for næringslivet i Hardanger, og bindeledd mellom næring og kommuneadministrasjonane og ordførarane

### **5. Runde rundt bordet. Nytt frå kvar kommune**

**KVAM**

Kraftfondet har no hatt si fyrste utlysing i RF, og det har vore stor pågang.

Kvam skal få Vgs i 2027. Viktig å behalda skulen, og her må kommunen arbeida framtidsretta og vera tett på .

Det skjer mykje i Kvam, og spesielt i Øystese om dagen med Hardangerbadet, 34 leiligheiter på Stronde, mm

Ved Steinsdalsfossen vert turistane talde. (Dette skjer ved mange punkt i Hardanger. Veldig interessant å samla denne dataen, og sjå på utvikling i antal og inntening)

### **ODDA**

Her er gode trendar. Masse kjekt skjer, i eit 2-3 års perspektiv. Både på smelteverkstomta og på Eitrheim.

På fjellet er det boom med masse hyttebygging.

Tradisjonelle industribedrifter i Odda satsar stort - f. eks Boliden førebur ei stor investering.

### **ULVIK**

Brakans hotell er seld til driftsselskapet.

Poesi festivalen trakk 4700 deltakarar. Viktig at den er 2. kvart år for å halda på kvaliteten Sider utviklar seg i stort tempo no.

Hjeltnes produksjonskule er i startfase. Fagskule for gartnar (aktiv) og lokalmat.

Holmen er no kjøpt av Ulvik kommune, og skal utviklast.

Kveldsmat treff i morgon i Ulvik. Spørsmål: Kva vil Ulvik med seg sjølv?

### **ULLENSVANG**

Veldig god turistsesong

Kort og hektisk fruktsesong

Arbeider med ny felles kommuneplan og visjonsarbeid for den nye kommunen .

### **NÆRINGSHAGEN I HARDANGER**

Biogassprosjekt er igang.

Foprosjekt på ost. Har mange små, men ønskjer og større aktørar. Får snart nye lokaler Søkt næringsfondet for å få kassa apparat på Kvamskogen. (Dei er eit verktøy for aktørane)

Gründerskulen - bygge nettverk,

Hardanger smak er etabler og oppe og går. Heilt i starten.

Samarbeider med Hanen - Baltic seafood. Bygga lokalmatnettverk for 10 land rundt østersjøen. Her er mykje informasjon delt. Spannande.

Søker SIVA om midlar til å finansiera eit felles mat- og drikke nettverk.

Nye målbedrifter heile tida - no har dei 40

Arbeida med Båtar på fjorden. Det kjem truleg nymedlebedrifter.

Ribbselskap - trur på 3 nye ribbar på Hardangerfjorden

Det er berekraft i å forlangaa at nye bygninga vert brukt til fleire formål( jmf Fosshaugane)

Kulturbygg - 5 tun som no lagar ein felles struktur. Vil arbeida med : teatergrupper, skapa matgilde, formidla musikk.

Helse i Hardanger tek endå meir form.

### **NÆRINGSHAGEN I ODDA**

Totalpakke næringsliv Trolltunga er i ferd med å avsluttast: har arbeidd med synleggjering, logistikk, infrastruktur, skuldersesong, eksisterande og nye festivalar.

Dei er med i siderprosjektet til NIBIO, der ein forskar ein på utvikling

Nytt innovasjonssenter på Eitrheim der vil dei få inn andre investorar for å få det til. Skal vera HUB/Inkubator. Dette er ønska av næringa.

Saksbehandlar for Odda kommune sitt næringsfond

Skule og utdanning. Kva behov har næringslivet? (snu på det) eks guiding og reiseliv

Revitalisering av næringsshagen i forhold til kva dei skal vera. Skal ha strategimøte.

## **EIDFJORD**

Sesong litt seint i gang, og færre turister som brukar fjellet og er kjøpesterke.

Nokre færre bobilar. Er "Kaoset" skyld i denne utviklinga???

Er stolte av Fjåk, som vinn så mange internasjonale prisar for sine sjokoladar.

Norconsult om stor utbygging avkabel - dersom eigedomskatt ikkje føl med på kjøpet, så er det kun forbruk av areal som vert resultatet.

### **6. Innmeldte saker ved start av møte**

Bobilcamp

Miljøfyrtårn

Studietur

**Bobilcamp:** Notilstand, berekraft, korleis utnytta denne ressursen?

Kva har Odda gjort? skiltplan - anbud - straum og vatn

Kan me dela erfaringar og diskutera framtidens potensiale på neste møte.

Kan Ullensvang og Odda dela på den erfaringsutveksling dei har segimellom.

**Miljøfyrtårn:** Kva er status i dag? På skulane, i barnehagane, på rådhusa

Miljøsertifisering i alle Hardangerkommunane var HR-sak i 2011, der alle gjorde vedtak om å sertifisera seg sjølve. Her bør me fokusera på å få ressursar til å arbeida med berekraft og miljøsertifisering. Dette arbeidet krever personalressursar.

### **Lofoten**

Førslår veke 7, med avreise søndag 10. og retur onsdag 13. februar 2018

Administrasjonen sjekkar prisar og program både for Lofoten og Trysil

**Minner om at neste møte i TH er 8. november 2018 i Ullensvang.**

Kvam 11.09.201

Referat av Trude Læg Reid Rinaldo